
KONTAKTBLAD FOR
Nr. 23. april 1997 8.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

**Velkommen til
Årsmøte 1997**

**Sjardal
historielag**

**På
Sauland
menighetshus
Torsdag den 15.mai
kl 19.00**



ÅRSMELDING 1996

Året 1996 er over, og vi kan nemne følgende:

Medregna årsmøtet 1996 har vi hatt 3 styremøte. Vi har behandla 12 saker.

Saka om vern av kulturarven i Hjartdal i samband med eigedomsoverdragingar, går sin gang, og kommunen er komen inn i bildet. Eit informasjonshefte til hjelp for dei det gjeld er planlagt utgitt, men det har drege ut pga. arbeidsmengda i kommunen..

Elles kan vi nemne at det har komme inn meir litteratur og kjeldestoff til samlinga. Her er det framleis mykje arbeid att før alt er klassifisert og registrert på skikkeleg måte.

Som vanleg har vi gjort ein innsats med å hjelpe mållaget med å gje ut Hjartdalskalenderen.

Vi har kjøpt inn ein bildescanner. Dette er ein maskin som overfører bilde til EDB-bruk. Slik kan vi nå ta kopiar av bilde og lagre på datamaskinen, og få brukbare kopiar skrevne ut på vanleg papir og sjølvsagt direkte i publikasjonar vi vil gje ut.

Alf Mostue er igang med eit stort arbeid som går ut på å skrive a v d e n f ø r s t e formannskapsprotokollen til Hjartdal. Dette er eit viktig redningsarbeid, da originalen er

nesten uleseleg.

“Skriften på veggen” har selt jamnt gjennom året. Eit oppgjer med fordeling mellom forfattern og HHL skal gjerast på våren 1997.

Hjartdal og Gransherad sparebank har tilsett Anne Haugen Wagn i delstilling for å skrive bankens historie til 100-årsjubileet i 1998. HHL-sekretæren er med i ei styringsgruppe for dette arbeidet.

Eit arrangement hausten 1996 s a m a n m e d S a u l a n d Bondekvinnelag hadde som tema å lage eit kart over alle husmannsplassar i bygda. Etter det har vi hatt kontakt med folk som er interessert i å vere med på eit slikt arbeid.

Heddal mølle: I 1996 er saka etablert på “eigne bein”. Eit styre på 4 personar er danna - frå historielaget, frå museumstenesta, frå kommunen og frå skogeigarlaget. Det er og danna ei referansegruppe. Styret skal lage eit forprosjekt ut av ideen om “Skog- og tresenter” i mølla. Styret har arbeidd med å skaffe pengar til forprosjektet, og har i løpet av 1996 fått meste-parten av det det har søkt om. I 1997 startar arbeidet med forprosjektet

LS

REGNSKAP 1996


(Samandrag til bruk i årsmeldinga)

	<i>Utgifter</i>	<i>Inntekter</i>
Saldo 1.1.1996 Driftskonto.....		kr 14 520
Saldo 1.1.1996 Heddal mølle		3 920
Saldo 1.1.1996 "Skriften på veggen"		<u>10 106</u>
Sum banksaldo 1.1.1996:.....		28 546
Litteraturkjøp/salg	150	160
Styre/drift.....	467	0
Kontingentar	1 410	500
Gåver/Tilskot	0	6 000
Teknisk utstyr	6 519	0
Renter driftskonto	0	257
"Skriften på veggen"	1 674	16 029
Heddal mølle.....	2 544	50 769
H-mølle-kontoen overført ved nyttår til Styret for forprosjektet "Skog- og tresenteret Heddal mølle"		
	52 145	
Sum	64 909	102 261

Saldo 1.1.1997 (Hjartdal og Gransherad sp.b.)

Driftskonto	kr. 12 891
"Skriften på veggen":	kr. 24 461
Heddal mølle går ut	—
Sum kr	kr. 37 352

Fullstendig regnskap blir tilgjengeleg på årsmøtet.
Revidert av Finn Birger Andersen.



ÅRSMØTET 1997

På Sauland menighetshus. Torsdag 15. mai kl.19.00


- Årsmelding
- Regnskap
- Valg
- Eventuelt

-Vi serverer kaffe og kaker.

-Kåseri ved Halgrim Høydal
(Museumstenesta for Aust-Telemark):

Da Notodden blei by

Illustrasjonen side 1 er eit utsnitt av det mest omtala auksjonsobjektet i 1996 - kyrkjeportalen i Tuddal. (klipt frå tidsskriftet "Samler- og antikkbørsen 1-1997")



HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlagt 1989

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL. Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar.

Det er lov å bruke og kopiere frå bladet, men oppgje kjelde. Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.